

Prekenverkstedet



Den Norske Israelmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

4. søndag i påsketida - 17. april 2016

Preiketekst: Joh 14, 1-11

Lesetekst I: Jes 40,26–31 eller Apg 8,26–39

Lesetekst II: 2 Kor 4,14–18

Påsketida held fram

Om dagen

Denne søndagen ber med seg påsketida sitt preg om at vi vandrar mot eit evig mål, at Jesus er vegen til målet (2 Kor 4), sanninga som gir reisa mål og meining (Apg 8) og sjølv livet for trøytte vandrarakar (Jes 40). Preiketeksta samlar i seg heilskapen av dette.

Om teksta

Vi er vande med å tenke at Joh 14-16 er ei eining som er bunden sterkt saman. Det er rett nok. I desse kapitla les vi det som er Jesu avskiltstale slik Johannes referer den. Her vil eg likevel trekke fram ein annan kontinuitet. Kapittel 14 endar jo faktisk med Jesus ord: «Reis dykk, lat oss gå herifrå!»- mens der er ein saumlaus overgang til kapittel 14 frå kapitlet før. Når Jesus opnar vår tekst med å seie at dei ikkje må uroast, følgjer det direkte på det han seier til Peter i verset og versa før om Peters svikt og forneking og om at Jesus har tenkt seg i veg til ein plass der dei ikkje kan følgje han. Jesu kall til disiplane hadde vore «Følg meg!», ikkje at han skulle gå frå dei. På denne bakgrunnen kjem utsegna om ikkje å uroast i hjarta som ei veldig nødvendig tilskunding. Det same ordet om å uroast blir brukt om Jesu reaksjon ved Lasarus si grav. Slik ser vi at ordet ber eit preg av å bli oppskjørta.

Fire spørsmål

Joh 14 er på mange måtar svar på fire spørsmål, der alle er i samanheng med kvarandre, og dei tre første nesten identiske. Spørsmåla blir framført av fire ulike disiplar. Teksta vår er midt i tre av desse spørsmåla. I 13, 36 spør Peter: «Herre kvar går du?». I 14, 5 spør Tomas vidare: «Korleis kan vi vite vegen?». Filip spør ikkje direkte, men spørsmålet ligg under oppfordringa hans i 14, 8: «Kan du vise oss Far?» Det fjerde spørsmålet, som fell utanfor vår tekst, er frå Judas (ikkje Iskariot) i 14, 22: «Kvifor openberrar du deg for oss og ikkje for verda?»

Desse spørsmåla er den eine nøkkelen i teksta som også kan brukast når vi bygger opp ei preike. Peters spørsmål i 13, 36 kjem fordi Jesus seier at han går bort dit dei ikkje kan kome (13, 33). Jesu svar i kap 13 spelar truleg på den døden han aleine skal møte. Det vidare svaret i vår tekst er at han også går til Gud, til Himmelen. Den første vegen skal ikkje nokon følgje han på no, men seinare må dei ta høgde for martyriets etterfølging. Den andre vegen skal dei følgje han på når han kjem tilbake for å samle sine i det evige riket.

Nøkkelord

Tomas spør etter vegen til dette usynlege riket, og det er her Jesus svarar med dei kjente orda om seg sjølv som «vegen, sanninga og livet», sjølv nøkkelordet i teksta. Kuart enkelt av orda er utstyrt med bestemt artikkel og har derfor sjølvstendige trykk. I tillegg er dette eit av Jesu «ego eimi»-ord, ord der Jesus seier «eg er», med trykket på pronomenet, slik at han markerer sin fulle einskap med Gud sjølv. Berre han er svaret på å finne vegen til Gud, fordi han er eitt med den sanne Gud og derfor den som rår over livet. Berre timar etter at Jesus erklærte seg sjølv som (den einaste) vegen, enda alle hans vegar på eit kors. Berre timar etter at han erklærte seg sjølv som sanninga, står han over for den likesæle Pilatus som spør kva «sanning» måtte vere og så sender Jesus i døden. Og berre eit døgn seinare er dei vitne til at han som erklærte seg sjølv som sjølvaste livet, blir lagt død i ei grav. Kva tenkte disiplane om Jesu ord då alle vegar stansa opp, verda si sanning vann over han og døden hadde nakketak? Kontrasten mellom Jesu ord og disiplane si erfaring var enorm. Kunne dei då makte å halde fast i tilskundinga til ikkje å la hjarta uroast?

Filip er ikkje referert i spørsmålets form, men det ligg under. «Vi ser ikkje denne Far som du går til. Kan du vise oss han?» Jesu svar er ei oppfølging av nøkkelordet om vegen, sanninga og livet ved at han eksplisitt seier at han og Far er eitt. Om dei så slit med å forstå orda hans - vi kan knappast klage dei for det - så ber han dei om å tru dette ved å sjå på dei gjerningane han gjer. Med Nikodemus tidlegare i evangeliet: «Ingen kan gjere slike teikn som du gjer, utan at Gud er med han». Og her er Gud meir enn med han. Kapittel 5 og 8 sine spisse stridssamtaler med dei jødiske leiarane, der dei var nær ved å ta han av dage for spott mot Gud, klinger med her.

Utfordringar

La meg få peike på nokre andre forhold i teksta som vi kan utfordre oss sjølv med. I første verset er omsettinga i det vi kallar imperativ form, som her ikkje er bydande med inviterande; «tru på Gud og tru på meg!» Slik ordet «tru» står på gresk, kan det like gjerne omsettast i ei indikativ form, framstillande, forteljande: «De trur på Gud og trur på meg». Eller ein blanding av desse: «De trur på Gud. Tru og på meg». Eller motsett. Her har omsettinga gjort eit val for oss. Men tenkte Johannes at det like gjerne kunne vere ein dobbel botn her, slik det ofte er i hans evangelium? Imperativen passar nok best til den føregåande setninga som står i tilskundinga si form: «Lat ikkje hjarta dykkar uroast!» Sånn sett er den truleg den beste, men predikanten kan reflektere rundt spørsmålet om ulike djup i teksta her.

Kvilerom

Så har vi huset med dei mange romma. Dette ordet for rom har ei grunnleggande tyding som ein kvileplass. Poenget er i alle fall ikkje slik som vi møter det i spøken om alle som måtte gå stille forbi lutheranarane sitt rom i Himmelen, fordi dei trudde dei var aleine der. Det Jesus skal stelle i stand til oss, er den evige kvila og freden som skal erstatte hjartets uro. Tilgangen på denne kvila skal vere meir enn rikeleg. Så har omsettinga av 2011 gitt oss ein vri i omsettinga av vers 2b. Både denne og den som var før, er fullt mulig. Ta gjerne litt tid til å reflektere rundt det.

Om preika

Preika må adressere tydeleg det vanskelegaste av alle versa. Til liks med dei vanskelegaste versa i Bibelen, er det ikkje primært vanskeleg å tolke reint tekstleg. Å ta det på alvor, tru det og leve etter det er som regel den største utfordringa med Guds ord. Mange av oss slit meir med det vi forstår enn med det vi ikkje forstår. Og i verset om vegen, sanninga og livet – og om den eksklusive frelsa i Jesus, frontkolliderer sjølv sentrum i den kristen trua med all religiøsitet og med alle sekulære

tankar om sanninga sitt mangfald. Derfor må vi forkynne det med klar adresse, slik at ordet får avsløre våre falske tankar om sanninga, opne oss opp til nytt liv og leie oss på vegen til frelse. Dette utfordrar i eit seinmoderne Europa og i møte med det religiøse nærveret og den nye spiritualiteten mellom oss, enten det er i Norge eller i Israel.

Ein modell for preika over denne teksta kunne ta utgangspunkt i dei tre spørsmåla:

- 1) «Jesus, kva går du?» Heile hans liv og virke i dag er til vårt evige beste.
- 2) «Jesus, kva er vegen dit?» Om Jesus som vegen, sanning og livet
- 3) «Jesus, kven er Gud som Far?» Jesus er den som har vist oss kven Gud er, i ord og gjerning.

Saman med desse punkta må predikanten halde fast det som ligg i heile siktepunktet for både dagen og teksta: Jesu gjenkomst og det evige riket.

Rolf Kjøde

Fungerande administrasjonssjef NLA Høgskolen

rolf.kjode@nla.no